



Miljøløftet

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Rådhuset i Bjørnafjorden

Dato: 6. desember 2023

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 29. november 2023

Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

- Sak 99/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 100/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 03.10.2023
- Sak 101/23 Ny byrådsplattform i Bergen
- Sak 102/23 Sluttpрогнose for Bybanen byggetrinn 4
- Sak 103/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod
- Sak 104/23 Orientering om budsjettprosessar knytt til kollektiv i Vestland fylkeskommune
- Sak 105/23 Sykkelstamveg delstrekning Nesttun-Skjold
- Sak 106/23 Vidareutvikling av styringsgrupper byvekst – plan for implementering
- Sak 107/23 Møtedatoar våren 2024
- Sak 108/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 109/23 Bypakke Bergen: Forslag til justering av takstane i Bypakke Bergen
- Sak 110/23 Eventuelt Bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

Sak 99/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 100/23 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 03.10.2023

Vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 101/23 Ny byrådsplassform i Bergen

Saka er ei oppfølging etter møte i styringsgruppa i september, der møteleiar bad om ei orientering frå Bergen kommune, basert på signala som er gitt frå nytt byråd og avtalen som er inngått mellom samarbeidspartia. Det vart bede om ei orientering om byrådsplassforma og kva for konsekvensar denne har for nullvekstmålet, byveksttalesamarbeidet og byggetrinn 5 for bybanen.

Byråd Christine Kahrs orienterer i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøloftet tek saka til orientering.

Sak 102/23 Sluttpognose for Bybanen byggetrinn 4

Vedlegg 2

Saka er ei oppfølging av vedtak i styringsgruppa si sak 88/23, der det vart vedteke at «Styringsgruppa ber om at det vert lagt fram ei eiga sak med oppdatert prognose for totalkostnad for bybanen byggetrinn 4».

Prognosene har blitt presentert for prioriteringsrådet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 103/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod

Vedlegg 3 og 3a

Saka er ei oppfølging av fleire saker etter at Samferdselsdepartementet endra vilkåra for bruk av «Tilskot til reduserte bompengar». Ettersom saka vedgjeikk bruk av bompengar, var den først handsama i styringsgruppa for bypakke Bergen i sak 88/23.

Sjølv tilskotet er del av byvekstavtalen, derfor skal bruken bestemmost av styringsgruppa for Miljøloftet. I møte 2/23, sak 20/23, vedtok styringsgruppa at tilskotet skulle nyttast til bybanen, men at detaljering av bruk skulle komme hausten 2023. Denne saka er eit forslag frå Vestland fylkeskommune om kva «Tilskot til betre kollektivtilbod», som tilskotet no blir kalla, bør nyttast til. Som det også blir vist til i notatet (vedlegg 3), har ein tidlegare versjon av saka blitt drøfta i prioriteringsrådet 7/23. Saka har vore drøfta politisk i VLFK (vedlegg 3a). Saka var lagt fram i førre styringsgruppemøte 8/23 (sak 89/23), men blei utsett til dette møtet. Det blir i denne saka lagt fram eit revidert forslag til bruk.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa vedtek at det statlege tilskotet for 2023 (108 mill.) vert nytta slik:

- *Vidare plan- og prosjekteringsarbeid og erverv knytt til BT5 til Åsane (28 mill.)*
- *Planlegge/ gjennomføre innkjøp av vognmateriell (4 mill.)*
- *Reduksjon av det samla bompengeuttaket til BT5 i 2023 (76 mill.)*

Sak 104/23 Orientering om budsjettprosesser knytt til kollektiv i Vestland fylkeskommune

Som følge av prisstiging knytt til kollektivkontraktar, har Vestland fylkeskommune i sitt framlegg til budsjett foreslått kutt i rutetilbodet mellom anna innanfor Miljøloftet sitt avtaleområde. Saka skal endeleg handsamast i Fylkestinget 13.-14.desember.

Fylkeskommunen orienterer om moglege kutt og korleis belønningsmidlane til drift kollektiv og tilskot til reduserte billettprisar, blir handtert i denne prosessen.

Saka blir presentert i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 105/23 Sykkelstamveg delstrekning Nesttun-Skjold

Vedlegg 4

Saka er ei oppfølging etter styringsgruppa si sak «*66/23 Kostnadsgjennomgang av prosjekt på E39 Sykkelstamveg Bergen delstrekning 2-5*». Statens vegvesen presenterte auka kostnader for dei statlege prosjekta på sykkelstamvegen i Miljøloftet sin portefølje. Dette er resultatet av kostnadsoverslag etter anslagsmetoden. Som del av saka bad Statens vegvesen styringsgruppa om å ta stilling til prosjektet E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold, som snart er klart for utlysing. Prosjektet har fått høgare kostnadsoverslag enn prosjektkostnadene som ligg i handlingsprogrammet. Vedtaket i saka var at «*Statens vegvesen går i dialog med Bergen kommune og legg fram ny sak for styringsgruppa i neste møte*».

Partane har hatt dialog, og Statens vegvesen presenterer eit nytt forslag for delstrekning 2. Prosjektkostnadene er oppdaterte med nye indeksberekingar. Det er ikkje gjort endringar i prosjektinhald. Statens vegvesen vurderer at måloppnåing og samfunnsøkonomisk nytte av prosjektet er høg, og meiner at prosjektet bør gjennomførast. Det blir arbeidd vidare med dei resterande delstrekningane.

Saka har blitt behandla i prioriteringsrådet, som vurderer at saka er godt nok opplyst til å handsamast av styringsgruppa.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at prosjektet E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2 Nesttun-Skjold vert lyst ut med delstrekninga Lagunen-Fana Blikk som eit første byggetrinn, og at strekninga Fana Blikk-Nesttunbrekka vert lagt inn som opsjon i utlysinga. Prosjektet vert tilført tilstrekkelege midlar til at opsjon kan løysast ut. Samla kostnad for prosjektet er venta å verte 382 mill. 2023-kr.

Sak 106/23 Vidareutvikling av styringsgrupper byvekst – plan for implementering

Saka er ei oppfølging av sak 87/23, der styringsgruppa vedtok at «*Styringsgruppen ber om at sekretariatet i samråd med partene kommer tilbake til Styringsgruppen med forslag til rolle- og ansvarsbeskrivelse og årshjul som skal gjelde for Miljøløftet. Forslaget skal ta utgangspunkt Vegdirektørens anbefalinger til felles rolle- og ansvarsbeskrivelser og årshjul for byvekstavtaler, og drøfting i møtet.*» Saman med saka vart det lagt fram kunnskapsgrunnlag, anbefalingar om prinsipp, og forslag til rolleomtale og årshjul. Den same saka har blitt lagt fram for styringsgruppene i dei fire største byvekstavtaleområda.

Saka har blitt handsama i prioriteringsrådet, som har gitt sin støtte til sekretariatet sitt forslag til plan for implementering. Sekretariatet presenterer forslag til plan i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 107/23 Møterekke våren 2024

Det har blitt invitert til følgjande møte i styringsgruppa våren 2024:

- Onsdag 24. januar
- Onsdag 21. februar
- Fredag 22. mars
- Fredag 26. april
- Måndag 10.juni (digitalt)

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering

Sak 108/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 109/23 Bypakke Bergen: Forslag til justering av takstane i Bypakke Bergen

Vedlegg 5 og 5a

Saka er ei oppfølging av vedtak i styringsgruppa si sak 97/23, som hadde følgande vedtak: «*Styringsgruppa tar brevet til orientering, men ønsker å sjå på flere moglege tiltak enn det som blir foreslått fra Ferde. Styringsgruppa ber arbeidsgruppa om å leggje fram ei sak i neste møte som presenterer moglege tiltak basert på diskusjonen i møtet.*»

Arbeidsgruppa inntekter bypakke Bergen har utarbeidd ei oversikt som skisserer ulike alternativ, og kva for inntektsscenario som er knytt til alternativa (vedlegg 5). Saka gir også ei oversikt over porteføljen i bypakke Bergen og status for prosjekta. På kort sikt finst det alternative måtar å oppnå den vedtekne gjennomsnittstaksten på, men arbeidsgruppa understrekar at ei justering av takstane for nullutsleppkøyretøya likevel er nødvendig for å løyse utfordringa på lang sikt. Arbeidsgruppa si anbefaling for å oppretthalde gjennomsnittstaksten frå proposisjonen er å justere takstane på følgjande måte i 2024:

- 70 pst. betaling for nullutsleppskøyretøy
- Justere takstane for tunge køyretøy slik at desse står for tilsvarende del av bompengeinntektene som dei gjorde ved innføringa av nye bomstasjonar i april 2019.

Saka har blitt behandla i prioriteringsrådet, som vurderer at saka er godt nok opplyst til å handsamast av styringsgruppa.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa stiller seg bak at det er alternativ 4 som i størst grad oppnår den vedtekne gjennomsnittstaksten. Det er truleg òg det alternativet som bidreg mest til trafikkavvisning i tråd med nullvekstmålet og den venta trafikkveksten. Styringsgruppa oppmodar om at prosessen med å justere takstane blir vidare handsama lokalpolitisk hos Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.

Sak 110/23 Bypakke Bergen: Eventuelt